



BKK Produksjon AS
Postboks 7050
5020 BERGEN

Vår dato: 30.10.2015

Vår ref.: 200704083-42

Arkiv: 317 / 063

Dykkar dato:

Dykkar ref.: jan Eirik Andersen/Sissel Hauge Mykletun 22959518/99215122/rho@nve.no

Sakshandsamar:

Randi Holme

Oversending av revisjonsrapport Myster kraftanlegg, og varsel om vedtak om retting, Vaksdal kommune

Vi viser til revisjon av Myster kraftanlegg i Vaksdal kommune og oversender rapport fra revisjonen som vart gjennomført 13.-14. oktober 2015. Revisjonen var varsle i brev datert 18.09.2015.

Ved revisjonen vart det funne 5 avvik. Revisjonsrapporten skildrar dei avvik som vart avdekkja. Dokumentasjon på at avvika er lukka skal sendast til NVE innan dei fristane som er sette.

NVE varslar om at vi vil vurdere å treffe vedtak om retting dersom avvika ikke er lukka innan dei fristane som er sette.

Frist for å komme med uttale er sett til **19.11.2015**. Vi oppmodar særskilt om at faktiske opplysningar som gjeld saka, vert korrigert eller supplert. Dersom NVE ikkje har motteke uttale innan fristen, legg NVE til grunn dei opplysninga som ligg føre i saka.

Med helsing

Ingunn Åsgard Bendiksen
avdelingsdirektør

Øyvind Leirset
seksjonssjef

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: 1 Revisjonsrapport

Revisjonsrapport

Revidert eining::	BKK Produksjon AS
Revisjonsdato:	13.-14. oktober 2015
Stad:	Dale kurssenter, Vaksdal
Medverkande frå revidert eining:	Stasjonsleiar, Jan Eirik Andersen Kraftveksoperatør, Jomar Flatekval Fagansvarleg vassdragsmiljø Sissel Hauge Mykletun
Revisorar frå NVE:	Revisjonsleiar: Randi Holme Medrevisor: Ole Per Schei
Seksjon	Øyvind Leirset, seksjonssjef miljøtilsynet

1 Innledning

1.1 Bakgrunn og formål med revisjonen

Miljøtilsynet består av en systemrevisjon og/eller en anleggsinspeksjon. Etter § 7 i forskrift om internkontroll etter vassdragslovgivningen (FOR 2011-10-28 nr. 1058, IK-vassdrag) har NVE ansvar for å føre tilsyn med at forskrifta vert oppfylt.

Formålet med en systemrevisjon er å kontrollere om foretaket oppfyller kravet om å etablere eit internkontrollsysteem for det enkelte vassdragsanlegg som sikrar at krav til naturmiljø og landskap blir teke i vare på ein tilfredsstillande måte i samsvar med vassdragslovgivning, forskrifter, konsesjonsvilkår, pålegg og godkjende detaljplanar.

Formålet med å foreta anleggsinspeksjonar er å kontrollere at anlegga sin tilstand er i tråd med nemte krav. For anlegg i driftsfasen, er det lagt vekt på landskaps- og miljømessige tiltak som t.d. tersklar, vegetasjonstablering på tippar, kontroll og informasjon vedrørande manøvreringsreglement og minstevassføringar og rydding av elveløp/flomløp. Forventa natur- og landskapsmessig standard er nærmere omtalt i NVE sin rettleiar nr 2/2005 Miljøtilsyn ved vassdragsanlegg.

1.2 Revisjonsgrunnlag

NVE fører miljøtilsyn med vassdrag og grunnvatn på følgjande grunnlag:

- Lov av 24. november 2000 nr. 82 om vassdrag og grunnvann (vannressursloven) §§ 5, 8, 10, 41, 54
- Lov av 14. desember 1917 nr. 17 om vassdragsreguleringer § 12 postene 12 og 13
- Forskrift om internkontroll etter vassdragslovgivningen (FOR 2011-10-28 nr. 1058, IK-vassdrag) §§ 4 og 5

- Konsesjon for Myster kraftanlegg datert 25.02.1983
- Nye bestemmelser om vannslipping i tillatelsen til utbygging av Myster kraftverk, jamfør brev frå NVE datert 31.03.2009
- Pålegg av 03.07.2001 *Pålegg om merking av reguleringsgrenser og nivå for minstevannføring*
- Mottatt dokumentasjon frå virksomheten

Følgjande område vart kontrollert:

- Nesevatn og inntaksmagasinet, tipp Eikemo, terskel Eikefet, laksetrapp Høsefoss og Raufoss, terskel Eikeland. I tillegg vart enkelte av tersklane i Ekso inspiserte.

1.3 Tema for revisjonen

Revisjonen omfatta:

- Forskrift av 28.10.2011 nr 1058 om internkontroll etter vassdragslovgivninga (IK- vassdrag)
- Særskild fokus på kartlegging av farer og problemområde, jf. IK-vassdrag § 5-6.
- Inspeksjon av anlegg

1.4 Funn

5 avvik

Ingen merknader

Avvik er: Brot på krav i regelverk og loyve gitt i eller i medhold av energi- og vassdragslovgivningen og annen lovgivning NVE forvaltar.

Merknad er: påpekning av forhold med mogelheieter for forbetring eller eit forhold som bør vurderast nærmare av verksemda, men som ikke er brudd på gitte krav.

1.5 Generelle kommentarar

Revisjonen omfatta inspeksjon av anlegget og ein gjennomgang av internkontrollsystemet for anlegget med særskild fokus på kartlegging av farer og problemområde, jamfør IK-vassdrag § 5-6.

Under intervjudelen vart først tilsynsansvarleg, Jomar Flatekval, intervjuå åleine. Deretter vart Jomar Flatekval, Jan Eirik Andersen og Sissel Hauge Myketun intervjuå samla. Deltakarane frå BKK gav god og konstruktiv informasjon om system og rutinar som er etablerte for drift og vedlikehald av anlegget. Dette gav NVE god bakgrunn for å vurdere internkontrollsystemet.

BKK orienterte om at det er sett i gang eit omfattande arbeid for å forbetre internkontrollsystemet for alle BKK sine anlegg.

Etter NVE si vurdering er internkontrollsystemet som er etablert for Myster kraftanlegg lite spesifikt og lite tilpassa dei konkrete tilhøva ved anlegget. Dette kjem mellom anna til uttrykk ved at i dokumentasjonen som vart lagt fram under revisjonen er dei forholda som skal vurderast ved natur- og miljøtilsyn svært generelle, og dei gjeld for alle BKK sine anlegg. Det er heller ikkje spesifisert kva status dei enkelte objekta til ei kvar tid skal ha. Det vert difor vanskeleg å vurdere behov for tiltak. Dette gjeld for eksempel status for opphoping av massar i elvelaupet, status fot tilgroing og målsetjingar for revegetering på tipp Eikemo.

Ansveret for gjennomføring av tilsyn er dessutan ikkje godt nok avklart i praksis. Under revisjonen kom det fram at informasjonsflyten mellom fagansvarleg for vassdragsmiljø og kraftverksoperatør, som også gjennomfører tilsyn, ikkje er god nok.

Kartlegging av farer og problemområde for Myster kraftanlegg er ikkje gjennomført. Fleire av avvika som vart registrerte under revisjonen heng truleg saman med den manglande kartlegginga. Med bakgrunn i dette må det gjennomførast ei slik kartlegging og med bakgrunn i denne utarbeidast meir spesifikke målsetjingar for anleggsobjekta, spesifiserte tilsynsrutinar m.m.

2 Skildring av avvik

Avvik 1	
Krav	Konsesjon for Myster kraftanlegg datert 25.02.1983, post 1, jamfør brev frå OED dater 31.03.2009. <i>«Det skal skippes en minstevannføring frå Nesevatnet til Ekso på 2 m3/s i perioden 1. mai – 30. september, og 1,0 m3/s i tiden 30. oktober – 30. april, målt over inntaksdammen ved Nesevatnet».</i> Pålegg om merking av reguleringsgrenser og nivå for minstevannføring datert 03.07.2001.
Avviket	Målepunkt for slepping og dokumentasjon av minstevassføring ved Nesevatn er ikkje etablert. Skilt med opplysningar om pålagd minstevassføring som står ved Langhølen er ikkje i samsvar med krava i konsesjonen. Det er ikkje sett opp skilt med opplysningar om pålagde minstevassføring ved sleppstaden ved Nesevatnet.
Grunnlag	Målepunkt ved Nesevatn er ikkje etablert. Det er ikkje sett opp skilt med informasjon om pålagd minstevassføring ved Nesevatn. Opplysningskiltet som står ved det tidlegare målepunktet (Langahølen) gir ikkje riktig informasjon.
Hvordan lukke	Målepunkt for slepp og dokumentasjon av minstevassføring ved Nesevatn skal etablerast. Det skal setjast opp skilt ved Nesevatn som informerer om pålagd minstevassføring. Ein plan for etablering av målepunkt og skilting ved Nesevatn skal sendast til NVE innan fristen som er sett.
Frist for lukking	15.01.2016

Avvik 2	
Krav	IK-vassdrag § 4: <i>«Den ansvarlige skal sørge for at det innføres og praktisere internkontroll for anlegg og tiltak som omfattes av §3»</i>
Avviket	Det er ikkje utarbeidd eit internkontrollsysten som er særskilt tilpassa Myster kraftanlegg.
Grunnlag	BKK kunne ikkje legge fram eit skriftleg internkontrollsysten som er særskilt tilpassa Myster kraftanlegg.

Korleis lukke	BKK må gjennomgå internkontrollsystemet for anlegget og tilpasse rutiner og fokusområder til Myster kraftanlegg. Dokumentasjon på at dette er gjennomført skal sendast til NVE innan fristen som er sett.
Frist for lukking	01.08.2015

Avvik 3	
Krav	IK-vassdrag § 5-3: <i>«Den ansvarlige skal sørge for at personell har de kunnskaper og ferdigheter som er nødvendige for å sikre at anlegg og tiltak som omfattes av § 3 og driften av slike, oppfyller krav fastsatt i eller i medhold av vassdragslovgivningen, herunder ha en plan for hvordan faglig kompetanse skal etableres og utvikles».</i>
Avviket	Det er uklart i kva grad kraftverksoperatør har ansvar for tilsyn i høve til natur og miljø.
Grunnlag	BKK kan ikke dokumentere ei klar plassering av ansvar for tilsyn med miljø og landskap ved Myster kraftanlegg.
Korleis lukke	Det må klargjerast kven som har ansvaret for tilsyn knytt til miljø og landskap ved Myster kraftanlegg, og kva dette omfattar. Dokumentasjon på dette skal sendast til NVE innan fristen som er sett.
Frist for lukking	01.08.2015

Avvik 4	
Krav	IK-vassdrag § 5-6: <i>«Den ansvarlige skal kartlegge farer og problemer med hensyn til miljø og sikkerhet og på denne bakgrunn vurdere risiko, samt utarbeide tilhørende planer og gjennomføre tiltak for å redusere risikoforholdene».</i>
Avviket	Det er ikke gjennomført kartlegging av farer og problem med omsyn til natur og miljø ved Myster kraftanlegg.
Grunnlag	BKK kan ikke legge fram skriftleg dokumentasjon på at kartlegging av farer og problemområde knytt til miljø og landskap ved Myster kraftanlegg er gjennomført.
Korleis lukke	BKK må gjennomføre ei kartlegging for å identifisere og vurdere farer og problemområde for landskap og miljø ved Myster kraftanlegg. Dokumentasjon på at dette er gjennomført skal sendast til NVE innan fristen som er sett.
Frist for lukking	01.08.2015

Avvik 5	
Krav	IK- vassdrag § 5-8: <i>«Den ansvarlige skal utarbeide og gjennomføre rutiner for å avdekke, rette opp for forebygge avvik».</i>
Avviket	Det er ikke utarbeid spesifikke rutiner for gjennomføring av tilsyn med omsyn til miljø og landskap ved Myster kraftanlegg.
Grunnlag	BKK kan ikke dokumentere spesifikke tilsynsrutinar for Myster kraftanlegg.
Korleis lukke	BKK må utarbeide tilsynsrutinar som er spesielt tilpassa Myster kraftanlegg. Dokumentasjon på dette skal sendast til NVE innan fristen som er sett.
Frist for lukking	01.08.2015